

Sak nr.:

POLYFON 03/20

Sakstype:

VEDTAKSSAK

ePhorte saksnummer:

2020/608

Møte i styringsgruppa 1/2020:

27.01.2020

Finansiering av POLYFON etter 2020

I sak 16/19 på møtet 2. desember 2019 vart modellar for organisering og finansiering av POLYFON etter 2020 diskuterte. Styringsgruppa peika på følgjande alternativ som interessante å sjå nærare på i første omgang:

- Geografisk forankring: Nasjonalt med regionalt tyngdepunkt: Ei vidareføring av dagens konsept, supplert med deltakarar frå alle delar av landet, også «assosierte deltakarar» (arbeidsomgrep)
- Finansiering: Om lag som i dag, supplert med eit tal «assosierte deltakarar» med ei vesentleg lågare deltakaravgift og avgrensa rettar i klyngesamarbeidet.

Styringsgruppa presiserte at fondsfinansiering og/eller løyving over statsbudsjettet framleis bør vere på lista over finansieringsstrategiar. Gitt at dette er strategiar med usikkert utfall, ønskte styringsgruppa å få framlagt ei sak med utgangspunkt i deltakarbetaling, som vidareutvikling av dagens modell.

a) Forslag til finansiering av tredje prosjektperiode, differensiert modell for deltakarbetaling

Vi legg her fram eit overslag over *utgifter* i tredje periode, i ein mini- og midi-variant (maksi-varianten er neppe aktuell utan finansiering frå fond og/eller stat). Budsjettet for 2020 er også tatt inn, for samanlikning.

Utgifter	Budsjett 2020	Mini 2021	Midi 2021
Prosjektleiar 40%	609 700	628 000	628 000
Fagansvarlege 4x10%	105 400	-	434 400
Adm. koordinering 60%	585 000	602 600	602 600
Erfaringskonsulent 20 % / 40 %	-	130 000	260 000
Formidlingsarbeid 15%	150 000	150 000	150 000
Drift styre og Scientific Advisory Committee	80 000	60 000	60 000
Seminarutgifter	200 000	100 000	150 000
POLYFON-konferansen	160 000	160 000	160 000
Erfaringspanel/brukarmedverknad	60 000	50 000	80 000
Annan drift	37 400	50 000	65 000
Prosjektstøtte/sommarstipend	1 000 000	750 000	950 000
Sum utgifter	2 987 500	2 680 600	3 540 000

Kommentarar til overslaget over utgifter:

- Mini-varianten 2021 er i store trekk ei vidareføring av dagens modell, men med eit tillegg av ein erfaringskonsulent i 20 % stilling. Brukarmedverknad er ein så viktig verdi i samarbeidet at vi finn det rett å ha dette med også i mini-varianten.
- Midi-varianten inneber ei fagleg styrking av aktiviteten, noko som heilt klart er ønskjeleg, dersom det er mogeleg å få til reint økonomisk.
- Det går fram av overslaget at utgifter til prosjektstøtte/sommarstipend er tatt noko ned i mini-varianten 2021 samanlikna med budsjettet for 2020. I snitt har klynga brukt ca. kr. 350 000 per år på denne posten i perioden

2015-2019, totalt kr. 1 742100,-. Innanfor den grensa som budsjetta definerer, er utgiftene her avhengige av tal og kvalitet på søknader. Når vi foreslår vesentleg høgare summar på denne posten i tredje periode, er det fordi vi ventar at tal og kvalitet på søknader vil gå opp i åra framover, etter kvart som fokuset i klynga ikkje «berre» vert å *etablere* musikkterapitjenester, men i aukande grad også å *kvalitetssikre utviklinga* av desse¹.

- Detaljar i kostnadsoverslaget må ein kome tilbake til, men vi foreslår t.d. at Scientific Advisory Committee (fagråd) i tredje periode kan ha nasjonal i staden for internasjonal representasjon, både for å halde utgifter nede og for å leggje til rette for praksisnære dialogar på norsk, med utgangspunkt i norske forhold.

Vi legg også fram eit overslag over inntekter i tredje periode, i ein mini- og midi-variant. Budsjettet for 2020 er også tatt inn, for samanlikning.

Inntekter	Budsjett 2020	Mini 2021	Midi 2021
Bidrag Bergen kommune	200 000	280 000	320 000
Bidrag Betanien/Solli/Voss DPS	200 000	280 000	320 000
Bidrag Haraldsplass	75 000	150 000	160 000
Bidrag Helse Bergen	200 000	280 000	320 000
Bidrag Høgskulen på Vestlandet*	150 000	210 000	240 000
Bidrag NKS Olaviken	150 000	150 000	160 000
Bidrag NORCE, Helse	150 000	150 000	160 000
Bidrag RKBU, NORCE	150 000	150 000	160 000
Bidrag Gruppe Sogn og Fjordane	200 000	280 000	320 000
Bidrag Stendi nasjonalt	200 000	280 000	320 000
Bidrag UiB, Griegakademiet	150 000	150 000	160 000
Bidrag Øygarden kommune	150 000	150 000	160 000
Ny stor deltakar	-	-	320 000
Ny liten deltakar	-	-	160 000
9/18 bidrag frå nye "assosierte deltakarar"	-	90 000	180 000
Overføring frå 2019?	?	-	-
Estimerte inntekter POLYFON-konferansen	80 000	80 000	80 000
Sum bidrag	2 055 000	2 680 000	3 540 000

* Høgskulen på Vestlandet bidrar med 280.000 / 320.00 pr år som dei andre, men 70.000 / 80 000 av desse er rekna inn i partssamarbeidet Sogn og Fjordane, det står derfor berre 210.000 / 240.000 på denne linja.

Kommentarar til overslaget over inntekter:

- Mini-varianten 2021 er i store trekk ei vidareføring av dagens modell, men med oppjustering av deltakaravgifta for dei store deltakarane. Denne justeringa vert foreslått, dels for nødvendig styrking av økonomien i klynga, dels for å ta høgde for innspel som har kome i styringsgruppa om at det i tredje periode med fordel kunne ha vore ei tydelegare differensiering mellom små og store aktørar i klynga.
- Ein midi-variant av klynga i tredje periode føreset ein auke i deltakaravgift og/eller deltakartal.
- Budsjettet inntekt for 2020 er lågare enn planlagt, av di Bergensklinikken går ut som betalende deltakar.
- Som det går fram, er dette for 2020 då budsjettet med større utgifter enn inntekter. Dette kan vi gjere av di klynga har eit akkumulert overskot frå 2017-2019. Overskotet skuldast først og fremst at det har vore brukt mindre midlar på støtte til prosjekt og seminar enn opphavleg tenkt (sjå tredje kommentaren til utgifter).
- Satsen for dei nye «assosierte deltakarane» foreslår vi satt til ca. kr. 10 000, då vi reknar med at denne satsen bør vere låg dersom han i tilstrekkeleg grad skal senke terskelen for klyngedeltaking.

¹ Prosjektmidlane kan i stor grad beskrivast som klyngas «motor». Tildelingane i perioden 2015-2019 har så langt resultert i 8 fagfellevurderte artiklar og 8 publiserte kvalitetssikringsrapportar, og har bidratt til utviklinga av 4 ph.d.-prosjekt. I tillegg er 12 prosjekt framleis under utvikling, der fleire publikasjonar og ph.d.-prosjekt er i kjømda.

b) forslag til arbeidsmåte/framdriftsplan for vidare arbeid med saka

For å sikre kvalitet og tyngde i vidare arbeid med denne saka, kan det vere tenleg å etablere ei lita «interimsgruppe» som følgjer opp arbeidet med aktuelle konsept og med å initiere og gjennomføre aktuelle sonderingar.

Det bør lagast ein konkret framdriftsplan for følgjande steg:

Steg nr	Prosess	Tid
1	Avklaring av rammesatsar og lengde for tredje prosjektperiode	Januar/så fort som mogeleg
2	Utarbeiding av materiell / presentasjonar	Februar?
3	Sonderingar med eksisterande og potensielle klyngedeltakarar: Kven ønskjer å vere med i tredje prosjektperiode?	Mars – mai?
4	Etablering av ny konsortieavtale	August – oktober?
5	Evaluering av 2. periode / planlegging av 3. periode	November – desember?
6	Arbeid med statleg finansiering og/eller fondsfinansiering	Kontinuerleg

Erfaringane frå overgangen mellom 1. og 2. prosjektperiode i 2017, var at steg 3 var tidkrevjande. Mykje tid gjekk med til sonderingar med aktørar som til slutt likevel ikkje vart med i klynga. Det er likevel neppe nokon veg utanom slike sonderingar, og dette kan i seg sjølv vurderast som relevant informasjonsarbeid om musikkterapi. Både kommunar og helseføretak i ulike regionar bør kunne kontaktast, og også nasjonale aktørar som t.d. Bufetat. Det vil truleg vere tenleg å tilby fleksible vegar inn, som t.d. innmelding med halvårsverknad første året. At det for neste periode vert mogeleg å velje rolla som «assosiert deltakar» vil i seg sjølv auke fleksibiliteten og gjere POLYFON meir attraktiv for aktørar som er i ein tidleg fase når det gjeld implementering av musikkterapi.

Generelle kommentarar til vidare prosess:

- Styringsgruppa har tidlegare vedtatt at vidareføring av klynga er ønskeleg. Det er resultatane av sonderingane i steg 3 (sjå over), som vil avgjere om dette er mogeleg. Styringsgruppemøtet 4. mai vil kunne vurdere dette.
- Dei to første prosjektperiodane har vore på 3 år kvar. Det er ei mogeleg lengde også for neste periode. Samstundes: Erfaringane så langt tyder på at prosessar tar tid, m.a. av di klyngedeltakarane ofte må gjennom fleire års arbeid med planlegging, utgreiing og stillingsetablering, før ein kjem til det faglege arbeidet med kvalitetssikring, prosjektutvikling og forskning. Dette talar for ein lengre prosjektperiode, samstundes som det truleg vert meir krevjande for partane å forplikte seg økonomisk om perioden vert for lang. Ein 4-årig periode (2021-2024) vil kunne balansere desse to omsyna.
- Skilnaden i rettar for fulle deltakarar og assosierte deltakarar må vere tydeleg og logisk. Ein mogeleg modell er: Assosierte deltakarar kan bruke klyngas informasjonskanalar, dei kan delta på konferansar/seminar til konsortiepris og dei kan få tidsavgrensa rådgjeving frå prosjektleiinga (vanlegvis per telefon). Dei vil ikkje kunne søkje om midlar til prosjekt eller seminar/formidling, dei vil ikkje vere representerte i styringsgruppa, og dei vil ikkje ha tilgang til langvarig og forpliktande oppfølging og rådgjeving frå prosjektleiinga.

c) Forslag til vedtak:

Styringsgruppa ber prosjektleiinga arbeide med finansiering av 3. prosjektperiode, etter følgjande premisser:

- *Prosjektperioden vert 4-årig, slik at indeksjusterte kostnadsoverslag vert laga for perioden 2021-2024.*
- *Deltakaravgifta vert kr. 150 000 for små deltakarar, kr. 280 000 for store deltakarar, kr. 280 000 for grupper og kr. 10 000 for assosierte deltakarar. Deltakarar frå heile landet er velkomne.*
- *Assosierte deltakarar kan bruke klyngas informasjonskanalar, delta på konferansar/seminar til konsortiepris og få tidsavgrensa rådgjeving.*
- *Fulle deltakarar kan i tillegg søkje på klyngas midlar til prosjekt og seminar/formidling, dei er representerte i styringsgruppa, og dei vil ha tilgang til meir forpliktande oppfølging og rådgjeving.*

Brynjulf Stige, Prosjektleiar POLYFON

29. januar 2020

Til stades:

Frode Andvik, Fjell kommune
Janne Bø, Høgskulen på Vestlandet
Børge Tvedt (vara for Siri Ingvaldsen), Gruppe Sogn og Fjordane
Gerd Helene Irgens, Stiftelsen Bergensklubben
Bjarte Johansen, POLYFONs erfaringspanel
Ingvild Eide Graff, NORCE
Geir Lien, Haukeland universitetssjukehus
Randi Rolvsjord, Griegakademiet, UiB
Rune Tjøsvold, Bergen kommune
Frode Wikne, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
Brynjulf Stige, GAMUT/POLYFON (prosjektleiar)
Liv Gunnhild Qvale, GAMUT/POLYFON (referent)

Avbod:

Thomas Høiset, Stendi AS
Frédéric Larsen, Betanien/Solli/Voss DPS
Linn Kiara Eeg Manuelpillai, POLYFONs erfaringspanel
Ann Heidi Nebb, RKBV Vest, NORCE
Ida Kristine Sangnes, Haraldsplass Diakonale Sykehus
Anna Helle-Valle, Bergen kommune/POLYFON (observatør)

REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA FOR POLYFON, 1/2020

27. januar, kl. 13.00-15.30. Stad: GAMUT, Nina Griegs gt. 4.

I Godkjenning av innkalling, dagsorden og referat frå siste møte

Godkjende utan merknader.

II Orienteringssaker

- a. Aktuelle etter- og vidareutdanningstilbod
- b. Musikkterapi del av nytt valemne for medisinstudentar
- c. Nasjonal forskrift endra til også å omfatte musikkterapistudiet
- d. To oppdaterte kunnskapsbeskrivingar
- e. Rapport for pilotprosjektet «Medikamentfrie behandlingsforløp for personer med psykoselidelser»
- f. Norsk foreining for musikkterapi med ny fagpolitisk ressursbank
- g. Fem nye musikkterapistillingar i Helse Bergen i desember og januar
- h. Musikkterapi på systemnivå i nye Vestland fylkeskommune
- i. Betanien DPS etablerer nytt aktivitetshus
- j. Nye prosjektmogelegheiter innan somatikk og nevrorehabilitering
- k. Demens og depresjon: MIDDEL vert GAMUTs største prosjekt så langt
- l. Ny kommunikasjonskanal for kunnskapsklynga
- m. Nordisk studentkonferanse til Bergen
- n. Evaluering av POLYFON-konferansen 2019 og planlegging av 2020-konferansen
- o. Påminning om nokre POLYFON-aktivitetar våren 2020

Orienteringssakene tatt til vitande.

III Styringsgruppesak (drøftingssak)

01/20 Årsmelding 2019 – første utkast

Følgjande innspel vart gitt:

- Vurdering/ refleksjon bør stå direkte etter indikatordata.
- Overordna vurdering av indikatordata bør skrivast inn i innleiinga eller sammendraget.
- Nasjonale indikatordata frå NPR vil vera klare først til sommaren. Årsmeldinga bør ferdigstillast så snart som mogleg når data frå deltakarane kjem inn i februar. Når nasjonale data frå NPR kjem, kan desse innarbeidast i årsmeldinga.
- Sidan Bergensklinikken har skifta rapporteringssystem i løpet av 2019 (ved overgangen til Helse Bergen), og sidan dette vil påverke kvaliteten på 2019-data, bør det leggjast inn ein fotnote om dette.

IV Styringsgruppesaker (vedtakssaker)

02/20 Handlingsplan 2020

Vedtak:

Styringsgruppa sluttar seg til forslaget til handlingsplan for 2020, med dei endringar som kom til i møtet. (Sjå eige saksnotat).

03/20 Finansiering av POLYFON etter 2020

Vedtak:

Styringsgruppa ber prosjektleiinga arbeide med finansiering av klyngeamarbeidet etter 2020, etter følgjande premis:

- *Styringsgruppa tilrår at POLYFON vert etablert som ei permanent kunnskapsklynge.*
- *Indeksjusterte kostnadsoverslag vert laga for 4 år om gangen, i første omgang for perioden 2021-2024.*
- *Deltakaravgifta vert i utgangspunktet maks. kr. 150 000 for små deltakarar, maks. kr. 280 000 for store deltakarar, maks. kr. 280 000 for grupper. Aspirantdeltakarar kan få eit prøvemedlemsår for halv pris, deretter full pris. Deltakarar frå heile landet er velkomne.*

IV Eventuelt

Ingen eventuelt-saker.

*Brynjulf Stige,
Prosjektleiar POLYFON*